



Sande Settefisk AS

Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Einar Nesse Johnsen, 5764 3132

Nytt utsleppsløyve for Sande Settefisk AS sin lokalitet Sande i Gloppen kommune

Sande Settefisk AS får nytt løyve til utslepp for ein årleg biomasseproduksjon på inntil 1250 tonn settefisk av laks og regnbogaure på lokaliteten Sande i Gloppen kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Vi viser til søknad frå Sande Settefisk AS av 22.06.2020 som vart oversend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune den 24.06.2020, med ettersending av kommunalt vedtak av den 21.09.2020.

Fylkesmannen i Vestland gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med tilhøyrande vilkår er lagt ved dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Eldre løyve datert 03.04.2002 fell vekk.

Løyvet er ikkje gyldig før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

Fylkesmannen har lagt vekt på ulempe ved tiltaket og samanhalde desse med andre fordelar og ulemper tiltaket vil medføre. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen også lagt til grunn kva verksemda kan oppnå med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som blir rekna for å ha størst påverknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagde i samband med sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket blei gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som står nemnd i forureiningsforskrifta kapittel 29, vedlegg 1. For verksemder som nyttar slike stoff som innsatsstoff, eller der slike stoff vert danna under produksjonen, er utslepp av stoffa berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet, eller utsleppa er så små at dei må reknast for å vere utan påverknad på miljøet.

Vi understrekar at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogeleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er sett grenser for gjennom særskilte vilkår.



Dette løyvet kan seinare endrast med heimel i forureiningslova § 18.

At det er gitt løyve til forureining, fritek ikkje verksemda frå erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krav som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å rette seg etter forureiningslova og produktkontrollova, og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Enkelte av forskriftene er nemnde i løyvet. Vi viser til www.miljodirektoratet.no for informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbare.

Om saka

Det har vore drift på lokaliteten sidan 1985. Sande Settefisk AS fekk løyve til utslepp frå produksjon av 1 000 000 settefisk i 2002.

Søknaden gjeld endring av produksjonsstørrelse på landbasert settefiskanlegg frå 1 000 000 til 5 000 000 stk. laks og aure per år på lokaliteten Sande ved Gloppefjorden i Gloppen kommune. I søknaden blir det stipulert ein produksjon på om lag 1250 tonn biomasse årleg, med ein biologisk førfaktor på 1.15, som svarar til 1440 tonn årleg førfaktor.

Det gamle gjennomstrøymingsanlegget skal oppgraderast, og det skal byggjast nytt system for resirkuleringsanlegg og reinsing av avløpsvatn. Det er stipulert ein reinsegrad på 20% for nitrogen og 55% for fosfor. Søkjar har rekna årleg maksimalt utslepp til å vere 46 tonn nitrogen, 4,67 tonn fosfor og 77,6 tonn karbon.

I søknaden er det planlagt at utsleppet frå anlegget skal skje på 10 meters djupne nord for tømmerkaien på Rygg i Gloppefjorden. Vatnet i produksjonen kjem frå Ryggelva med eit maksimalt vassuttak på 7,5 m³/min i januar til mars, og maksimalt 15 m³/min i april til desember. Anlegget har også inntak frå sjø som er dimensjonert til maksimalt 7,5 m³/min.

Innkommne merknader etter offentleg høyring

Sande Settefisk AS har hatt saka til offentleg ettersyn i 6 veker på si heimeside. Det kom inn ein merknad frå Kystverket.

Kommunen har ikkje merknader til søknaden.

Tilhøvet til plan

Gloppen kommune har i sin reguleringsplan sett av området til industri/akvakultur, medan sjøområdet utanfor anlegget er sett av til FNFF (ferdsle, fiske, natur og friluftsområde).



Vurdering

Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv

Både Ryggelva og Glommenelva er registrert som lakseførande vassdrag. Den nye delen av anlegget skal byggast i samsvar med NS 9416 og vere rømmingssikkert.

Utslepp og reinsing

Utsleppa frå akvakulturproduksjon er oppløyste næringssalt og partiklar av organisk materiale, og utsleppsmengdene er ei følgje av mengd fôr som vert nytta. Eit overslag over samla brutto produksjon av avfallsstoff (ikkje medrekna ev. reinsing), omtalt som brutto utslepp, kan reknast ut basert på innhald av nitrogen, fosfor og karbon i fôret, med fråtrekk av mengda i fisken som er produsert. Fôrfaktoren (forholdet mellom kor mykje fôr som går med til å produsere ei viss mengd fisk) har stor påverknad på mengdene, ettersom overskotsfôret går i avløpsvatnet.

Netto utslepp til miljøet vil vere differansen mellom bruttoutsleppet og det som er fjerna med utleppsreducerande tiltak. Tradisjonelt har reinsetiltaka i landbaserte anlegg vore ulike former for sedimentering eller filtrering som fjernar partiklar frå avløpet, og såleis samlar opp fôrrestar og fekaliar som slam. Reinsinga i nyare anlegg kan også inkludere ulike typar biofilter, fosforfelling, denitrifikasjon m.m. Bruk av enkelte utsleppsreducerande teknikkar kan teoretisk sett gjere at ein større del av utsleppa av nitrogen og karbon går til luft i staden for vatn. Uansett vil alt fôr som ikkje blir til fisk eller slam, bli til utslepp til miljøet.

Spesifikt utslepp, dvs. utslepp av nitrogen, fosfor og karbon per tonn fisk som er produsert, vert påverka av driftsform og kva for utsleppsreducerande teknikkar som vert nytta.

Sande Settefisk AS planlegg å byggje eit RAS 1 anlegg. Dagens anlegg skal framleis driftast med gjennomstrøymingsteknologi. I RAS 1 anlegget er det stipulert at ein oppnår ein reinseeffekt på 80 % for organisk stoff/TOC, 60 % reinseeffekt på fosfor og 40 % reinseeffekt på nitrogen. Samla med gjennomstrøymingsanlegget skal anlegget kunne reinse 20 % av nitrogen og 55 % av fosfor og organisk karbon ut av avløpet som slam. Reinsemetodane vil bestå av både bandfilter og trommelfilter med lysopning på 60-80 µm. Reinsemetodane nyttar ikkje kjemiske eller biologiske prosessar som fører til at organiske materiale blir brote ned til uorganiske stoff eller stoff som gir utslepp til luft. Det inneber at utsleppsreducerande tiltak kan målast i mengd slam som blir samla når ein kjenner samansetninga av slammet. Ein må kjenne tørrstoffinnhaldet i slammet og innhaldet av N, P og TOC i tørrstoffet. Nitrogenutsleppa vil i stor grad vere på oppløyst form, medan fosforet og karbonet i større grad er bunde til partiklar.

Fylkesmannen har samla erfaringsdata frå settefisk- og postsmoltanlegg i Vestland dei siste åra, jf. figur 1. Vi ser at mengda oppsamla slam og reinsegrad (prosentvis reduksjon av avfallsstoff før utslepp til sjø) for det enkelte anlegget naturleg nok er tett kopla mot fôrfaktoren. I anlegg med låg fôrfaktor, dvs. ned mot biologisk fôrfaktor, blir det, relativt sett, samla lite slam. Følgeleg er reinsegraden, eller reinseeffekten, låg. Desse anlegga reduserer nitrogenutsleppa med 3-5 %. Anlegg med høgare fôrfaktor oppnår ein høgare og tilsynelatande «betre» reinsegrad. Dette skuldast i praksis berre auka mengd overskotsfôr i det oppsamla slammet, men gir samstundes og større spesifikke utslepp per tonn fisk produsert.



Sande Settefisk AS har i sine utrekningar av utslippsmengder brukt ein antatt fôrfaktor på 1,15. Dei anlegga vi har fått rapportar frå har fôrfaktor på 0,94 (både gjennomsnitt og median), men med variasjon frå 0,80 til 1,19. Sande Settefisk AS skriv i søknaden at dei gjennom reinsetiltaka skal redusere utslippa med høvesvis 20% for nitrogen og 55% for fosfor og TOC.


Sande Settefisk AS søker om løyve til følgjande utslipp (tal henta frå søknaden):

Omsøkt ramme Sande Settefisk AS	Nitrogen	Fosfor	Karbon
Samlet utslipp i tonn / år	46,0	4,67	77,6

Søknad om utslippsløyve for gjevne mengder nitrogen, fosfor og TOC kan reknast om til spesifikke utslipp, dvs. utslipp av nemnde einingar pr tonn fisk som blir produsert (tal rekna ut av søkjar):

Utslipp frå Sande Settefisk AS	Total-nitrogen	Total-fosfor	Total-karbon
Spesifikke utslipp pr tonn produsert fisk	36,8 kg	3,73 kg	62,1 kg

Det er dei spesifikke utslippa som er det viktigaste målet for kor store utslipp det er frå produksjonen. Fylkesmannen definerer ramma for utslippsløyvet ut frå dei spesifikke utslippa berekna i søknaden.



Figur 1: Rapporterte data frå 30 anlegg syner samanhengen mellom fôrfaktor, brutto utslipp og netto utslipp

Vi ser at føresetnadane i søknaden er i samsvar med faktiske erfaringsdata vi har fått frå andre landbaserte anlegg, men då med ein langt lågare fôrfaktor. Dei lågaste spesifikke utslippa for nitrogen er i vårt materiale like under 30 kg per tonn produsert fisk. Denne kunnskapen er heilt ny, ettersom dette er data som vi har fått inn dei siste månadene.

Vi legg til grunn at det er truleg at anlegget på Rygg kan komme til å bli drifta med ein lågare fôrfaktor enn kva som er rekna på i søknaden. Erfaringsdata vi har henta inn syner og at ved låg fôrfaktor er og reinsegraden låg. Dei spesifikke utslippa til sjø frå den produksjonen som er søkt om, bør vere lågare enn det som er lagt til grunn i søknaden. På grunn av mangel på standardiserte reinsekrav beheld vi dei grensene i løyvet som er førespegla i søknaden. Sande Settefisk AS skal



halde seg innfor den gjevne ramma for utslppsmengder av N, P og TOC. De må til ein kvar tid prøve å halde fôrfaktor lågast mogleg.

Sjøområdet som resipient

Gloppefjorden med vassførekomst ID 0282011800-C er ein 11 km lang fjordarm i indre delar av Nordfjord. Den er registrert med ein moderat økologisk tilstand og ein dårleg kjemisk tilstand. Desse resultatane baserer seg på makroalgemålingar og ein stasjon med noko høg TBT konsentrasjon. TBT-målinga er ikkje representativ for heile vassførekomsten. Sediment frå prøvestasjonar teke med fleire års mellomrom syner i hovudsak eit svært lite innhald av miljøgifter. Rapportar¹² frå tidlegare strandsonegranskingar syner at nokre av stasjonane i fjorden ber preg av ferskvasspåverknad og eutrofiering, med store førekomstar av grønalgar. Redusert saltinnhald, isskuring og sedimentering påverkar fjøresona, og kan leggje til rette for vekst av opportunistiske grønalgeartar. Utslepp av nærings salt til vassførekomsten kan føre til lokale eutrofieringseffektar (overgjødsling). I *Gloppefjorden* stammar utslippet frå hovudsakeleg avrenning frå jordbruk, men noko kjem også frå punktutslipp frå industri og kommunale avløpsanlegg³.

Anlegget ligg på sørsida av *Gloppefjorden* ved utløpet til Ryggelva. Utslippet frå anlegget skal skje på 10 meters djup omlag 30 meter frå land. Utsleppsrøret har ein diameter på 630 mm. Frå utslippspunktet skrar botnen nordover ut mot hovudfjorden Nordfjord. *Gloppefjorden* har ingen tersklar og når ei djup på rundt 300 meter i overgangen mellom dei to fjordane. Den kan i denne samanheng reknast som ein stor resipient. Botnen består i hovudsak av sand ved utslippspunktet, men djupare i resipienten dominerer leire og silt. Botnen syner ingen teikn til oksygenfattige tilhøve.

Det er ein betydeleg ferskvasspåverknad i *Gloppefjorden*, med salinitet på omtrent 5 ‰ ved overflata, og 30 – 35 ‰ under 8-10 meter djupn. Dei fleste hydrografimålingar frå resipienten syner ei tydeleg stratifisering i vassmassane ved ca. 10 meter djupn. Desse vasslaga endrar seg avhengig av sesong, nedbørmengd, månefase, vassføring i elvene og lokale forhold. Ved utslippspunktet syner målinga frå 22.11.2018 ingen teikn til stratifisering, og vassøyla inneheld ei saltvassblanding på ca. 30-33 ‰. Alle miljøgranskingar syner god tilstand for botndyr, men moderat økologisk tilstand i strandsona.

Settefiskanlegget er i tidlegare løyve blitt pålagt å utføre kartlegging av tilstanden i resipienten med seks års mellomrom. Vi har registrert miljøgranskingar frå 2000⁴, 2013⁵ og 2018⁶, desse er utført med modifisert B- og C-metodikk. Stasjonar frå B-granskinga er plassert i nærsona ved utslippspunktet som ein kontroll på at det ikkje skjer oppsamling av organisk materiale lokalt ved utslippspunktet. Av mangel på ein standard for måling av miljøpåverking frå landbasert oppdrett har det vore praksis for å akseptere ein tilpassa variant av B-metodikken frå NS 9410. Det er viktig å likevel notere seg at utslipp frå settefiskanlegg ikkje kan samanliknast med utslipp frå opne matfiskanlegg i sjø. Metoden er heller ikkje eigna for karakterisering av miljøtilstanden i resipienten. Resultata frå B-granskingane er tilstrekkeleg for å gi ein peikepinn om botnen ved utslippspunktet er påverka organisk av utslipp frå anlegget. C-stasjonar er plassert med lengre avstandar utover i resipienten (sjå figur 2).

¹ UiB. *Marinbiologisk miljøundersøkelse i Gloppefjorden for Gloppen kommune i 2002*. IFM Rapport nr. 3 (2002)

² Uni Research Miljø. *Marinbiologisk problemkartlegging i vassområdet Nordfjord i 2013*. Prosjektnr. 807876 (2013)

³ <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/0282011800-C>

⁴ AquaSafe AS. *Resipientundersøkelse Sande Settefisk A/S*. Januar (2000)


⁵ Fishguard Måløy. *MOM C undersøkning januar 2013*. Journalnummer 0041-13 (2013)

⁶ Rådgivende Biologer AS. *Miljøgransking ved oppdrettslokalitet Sande i Gloppen kommune*. Rapportnr. 2881 (2018)



Grabbprøver frå stasjonar tekne etter B-metodikk synte i 2018 ingen teikn til organisk påverknad ved utsleppspunktet. Resultat frå liknande prøvar i 2013 viste at nokre av dei næraste stasjonane hadde noko lukt, og stasjonen ved utsleppspunktet hadde fôrrestar og fekaliar i seg. Ein fann ingen dyr i den næraste stasjonen i 2013, medan i 2018 fann ein dyr i desse stasjonane. Ingen av dei to granskingane synte teikn til at stasjonane var negativt påverka av utsleppa frå anlegget.

Stasjonane frå C-gransking viste svært gode kjemiske og biologiske tilhøve. Det vart ikkje observert teikn til overbelastning, oksygensvikt eller høge tungmetallkonsentrasjonar. Det er tydeleg at miljøet på botnen i resipienten vil kunne handtere ei auke i organisk utslepp.



Figur 2: Oversyn over området ved utsleppspunktet, stasjonar for miljøgranskingar og straumrose av vassfluks frå straummåling gjort ved utsleppspunktet på 2, 5 og 9 meter djupn (2018). Kjelde: Rådgivende Biologer AS.

Det er gjennomført ei straummåling ved utsleppspunktet mellom oktober og november i 2018. Rapport⁷ er lagt ved søknaden. Det er tydeleg at straummønsteret i Gloppesfjorden korrelerer med vassføringa i Gloppenelva. Målinga syner at det er gode straum- og spreingstilhøve ved utsleppspunktet på alle djup. Vassfluksen gjekk jamt mot vestleg retning, det vil seie mot land, gjennom heile måleperioden. At straumen går mot land kan vere eit resultat av ein bakevjeeffekt skapt av Ryggelva som har utløp like aust for målepunktet.

⁷ Rådgivende Biologer AS. Lokaltet Sande i Gloppen kommune. Straummåling ved avløp, oktober-november 2018. Rapport nummer 2844 (2018)



Miljøeffektar av utslippet

Det er søkt om ei stor auke i utslipp, og det er viktig å sjå på kva denne endringa vil føre til for den totale påverknaden på vassførekomsten. Det er gjort fleire miljøgranskingar i Gloppefjorden som gjev eit historisk innsyn i korleis utviklinga av marin biologi og kjemi har forandra seg. Mykje av informasjonen kan hentast frå www.vann-nett.no.

Det er søkt om eit utslipp av nærings salt ved maksimal produksjon som svarar til ei auke på 40 tonn nitrogen og 3,60 tonn fosfor per år. Etter primærreinsing svarar dette til ei åttedobling av nitrogenutslipp og omtrent firedobling av utslipp av fosfor og organisk stoff. Endringa i seg sjølv er ei firedobling av det totale utslippet av nærings salt ein hadde frå dei kommunale reinseanlegga til Gloppefjorden i 2019.

Anlegget sitt rensesystem vil etter endringa filtrere ut grove partiklar frå avløpsvatnet. Vatnet som går ut til resipienten vil i hovudsak innehalde oppløyste nærings salt og partiklar med storleik opp mot 80 µm. Utsleppsvatnet er, i dei aller fleste delar av sesongen, lettare enn det omliggjande vatnet lokalt ved utslippspunktet. Det blir førespegla i søknaden at utslippsvatnet med små partiklar og nærings salt vil naturleg fraktast oppover i vassøyla, og danne ein slags «upwelling» effekt, for så å diffundere ut i overflatevatnet som i hovudsak går ut fjorden. Vi stiller spørsmål til kvifor Sande Settefisk AS kan prosjektere at utslippsvatnet vil gå ut fjorden, når strømmålinga syner at ein hovudtransport av vatn i alle vasslag går mot land. Strømmålinga er eit augneblinksbilete frå oktober-november 2018, men det er truleg at desse straumtilhøve er dei same andre delar av året også.

Ein auka konsentrasjon av nærings salt i eit allereie næringsfattig ferskvasslag langs strandsona vest for utslippspunktet kan føre til lokal eutrofiering med vekst av hurtigvoksende grønalgar. I tidlegare løyve datert 03.04.2002 er det sett som krav at avløpsvatnet skal førast til resipienten på ein djupne som sikrar at det vesentlege av avløpsvatnet til vanleg ikkje når overflata om sommaren. Vi gjer endringar på dette punktet, og set nytt vilkår om at Sande Settefisk AS ikkje skal sleppe ut avløpsvatn på ein slik måte at miljøet i strandsona langs resipienten bli negativ påverka. Dette skal følgjast opp med overvaking av strandsona, jf. punkt 12.1.2 i utslippsløyvet.

Utsleppsgrenser i løyvet

Løyva for landbaserte akvakulturanlegg har tidlegare brukt å setje krav om å redusere mengda partikulært organisk materiale. Praxis var lenge å sjå til reinsekrava som ligg i forureiningsforskrifta sine krav til avløpsanlegg, som er knytt til reinsegrad. Desse krava har synt seg å vere lite føremålstenlege, då avløpet frå akvakulturanlegg og kommunalt avløp er for ulike. Reinsegraden for akvakultur viser seg dessutan som nemnt over, å vere direkte knytt til fôrfaktoren, og ikkje nødvendigvis til ein god utslppsreduksjon med minst moglege utslipp til miljøet. Etterleving av krava om reinsegrad har vist seg vanskeleg å dokumentere/kontrollere på ein god måte i akvakulturanlegga.

I nyare løyve har Fylkesmannen valt ei anna tilnærming. Vi set ikkje krav om ein spesifisert reinsegrad i anlegget, ettersom det gir eit for lite presist mål på faktiske utslipp. Vi nyttar dei årlege utslippsmengdene som er skissert av søkjar som utslippsgrensingar i vilkåra til løyvet. Vi har vidare brukt tala for planlagd produksjon og årlege utslippsmengder til å rekne ut kva dette svarar til i spesifikk utslippsmengd, dersom ikkje også dette er oppgitt av søkjar. Løyva set krav om måling/berekning og årleg rapportering av anlegget sine utslipp.



Kunnskapsgrunnlaget for nøyaktig utrekning av utsleppet til Sande Settefisk AS er ikkje godt. Det er mange variablar som påverkar resultatet, t.d. samansetjinga av fôret, fôrfaktoren og effekten av reinsetiltaka. Utrekningane i Sande Settefisk AS sin søknad er likevel ikkje dårlegare enn i andre søknader.

Utsleppstala i søknaden er usikre, og fôrfaktoren er høgare enn kva Fylkesmannen i dag ser som realistiske å oppnå, ut frå erfaringane frå andre anlegg. Om det syner seg at det ikkje er mogleg å oppnå den føresette utsleppsreduksjonen, vil det likevel vere grenseverdiane for utslepp i løyvet som gjeld som ramme for drifta etter forureiningsregelverket. Stipulert produksjonsmengd av fisk er av mindre interesse enn dei faktiske utsleppa i så måte.

Plikt til å unngå forureining

Dei grunnleggjande føringane i forureiningslova § 2, punkt 3 seier: «For å unngå og begrense forurensning og avfallsproblemer skal det tas utgangspunkt i den teknologi som ut fra en samlet vurdering av nåværende og fremtidig bruk av miljøet og av økonomiske forhold, gir de beste resultater». Etter forureiningslova § 7 er alle verksemder plikta til å unngå forureining. Fylkesmannen har i forureiningslova § 18, første ledd, punkt 1 – 3, heimel til å gjere endringar i løyvet dersom utsleppa eller miljøverknadene vert større eller annleis enn det som er vurdert no. Etter punkt 3 kan det gjerast endringar i løyvet når ny teknologi gjer det mogleg å minske forureininga i vesentleg grad.

Fylkesmannen set ikkje krav om bruk av spesifisert reinseteknologi. Vi har ikkje grunnlag for å hevde at visse typar reinseteknologi skal reknast som vesentleg betre eller dårlegare enn andre. Dei rapportane vi har fått inn syner at storleiken på utsleppa er eit resultat av både val av teknologi og av driftsform (teknikkar).

Vilkåra i dette løyvet er ikkje standardisert. Fylkesmennene og Miljødirektoratet arbeider med å standardisere krava til landbaserte anlegg. Oppdrettar må vere budd på at Fylkesmannen kan gjere endringar i løyvet. Ei moglege endring kan vere å setje konkrete genser for spesifikke utslepp i løyvet.

Krav om dokumentasjon av utslepp og miljøovervaking

Anlegget vil ha utslepp til miljøet, og det er ei uvisse om korleis og kor langt utsleppa vil spreie seg og verke på miljøet. Vi legg likevel til grunn at utsleppa det er søkt om, ikkje ventast å gi irreversibel miljøpåverknad i resipienten på kort sikt.

Sande Settefisk AS må vise at anlegget ved Rygg ikkje bryt med dette, jf. punkt 2.3 og 2.4 i utsleppsløyvet.

Verksemnda skal også seinare kontinuerleg dokumentere at reinse- og utsleppsvilkåra vert haldne når anlegget kjem i full drift. Vi krev måling/berekning og årleg rapportering av dei faktiske utsleppsmengdene. Krava til dokumentasjon av reinsinga og rapportering av produksjonsdata er spesifisert i punkt 11.4 i løyvet.

Verksemnda skal årleg rapportere til Fylkesmannen om fôrforbruk, biologisk produksjon, slamproduksjon og resultat av analysar av innhaldet av fosfor, nitrogen og karbon i slammet. Når det vert tilrettelagt for rapportering gjennom Altinn, vil det erstatte rapportering direkte til Fylkesmannen.

Sande Settefisk AS pliktar å ha god oversyn over eigne utslepp. Verksemnda må etablere eit overvakingssystem som dokumenterer påverknaden av utsleppa frå drifta på resipienten, jf. punkt



12.1 i utsløppsløynet. Miljøovervakinga skal vere risikobasert og grunnjevast i internkontrollen ut frå utsløppsmengder og kunnskapen ein har om miljøtilstanden i resipienten. Det må vere eit klårt fokus på at granskningane har som formål å dokumentere miljøeffektar av utsløppa frå anlegget, utstrekninga til effektane og utviklingstrendar. Strandsoneovervaking skal vere ein del av denne planen. Eit oppdatert overvakingssystem skal sendast til Fylkesmannen innan 3 månader før overvakinga i resipienten vert gjennomført jf. punkt 12.1 i utsløppsløynet.

Organisk produksjonsavfall

Sande Settefisk AS har ikkje teke stilling til endeleg val av løysing for vidare handtering av slammet som utsløppsreinsinga vil ta ut av avløpet. Oppsamla slam og anna organisk avfall skal nyttast på ein berekraftig måte. Verksemda pliktar å dokumentere kor mykje slam dei produserer, kva dette slammet inneheld og korleis det vert handtert vidare.

Ved eventuelle leverings- og logistikkproblem vil voluma av slam raskt kunne bli store. Lagring av slam kan medføre lukt, som kan vere til sjenanse for omgjevnaden. Vi set krav om at det skal utarbeidast ein plan for handtering, lagring og disponering av alt organisk avfall, som skal sendast Fylkesmannen før produksjonen i det nye anlegget startar opp, jf. punkt 9.2.2 i utsløppsløynet.

Støy

Anlegget har allereie krav til å følgje støygrensene som er sett i utsløppsløynet frå 2002. Det ligg tett på private bustader (<100 meter) og må utformast og driftast slik at det ikkje fører til urimelege støyplager for omgjevnadane. Det er difor viktig at verksemda nyttar beste tilgjengelege teknologi for å redusere støyutsløppa. Utslepp av støy er regulert gjennom grenser sett i forureiningsforskrifta, jf. punkt 7 i utsløppsløynet. Krava til støyavgrensing vert oppdatert etter dagens industristandard.

Sande Settefisk AS har lagt ved risikovurdering av utsløpp av støy- og lysforureining i søknaden. Dei har vurdert risiko for lys- og støysjenanse hjå naboar til risikoklasse 2 – lav risiko.

I reguleringsføresegner for området (plan id: 1445-201602) er det sett konkrete grenser til verksemdstøy som gjeld heile reguleringsområdet. Den tek utgangspunkt i *T-1442/2016 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*, som er i samsvar med støygrensene vi set i utsløppsløynet.

Utslepp av kjemikal

Utsløppsløynet frå Fylkesmannen blir gjeve for eit produksjonsvolum med vilkår om at miljøverknadene av utsløpp av organisk materiale blir følgt opp med miljøovervaking. Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 seier at alle utsløpp skal risikovurderast, og mogleg konsekvens av utsløppa skal vurderast og dokumenterast.

Vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 - 12

Dette er eit landbasert anlegg plassert på eit område som Gloppen kommune har godkjent regulert til industri. Anlegget skal vere godt sikra mot rømming og ventast å vere utan lakselus, slik at mogleg påverknad på vill laksefisk vert vurdert til å vere liten.



Det er registrert eit ålegrassamfunn⁸ ca. 750 meter søraust for utsleppspunktet. Lokal gjødsling og tilrettelegging for opportunistiske artar kan vere skadeleg for slike førekomstar.

Det er ingen andre registreringar i [Naturbase](#) eller [Artskart](#) som vil kunne kome i konflikt med eit landbasert oppdrettsanlegg. Samstundes er kunnskapen om naturmangfaldet i våre marine økosystem avgrensa, noko som avspeglar seg i dei databasane vi har til rådvelde. Dette inneber at det kan kome ny kunnskap som kan ha påverknad på seinare avgjerder. Grunnlaget vert vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Verknaden på resipienten av utsleppa av nærings salt og organisk materiale til Gloppefjorden blir vurdert som å vere innafør akseptgrensene. Fylkesmannen vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje vert gjeldande.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Sande Settefisk AS pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag.

Konklusjon

Sande Settefisk AS får nytt løyve til utslepp for ein årleg biomasseproduksjon på 1250 tonn settefisk og postsmolt av laksefisk på lokaliteten Sande i Gloppen kommune. Utsleppsløyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

Det er sett krav om utsleppsreducerande tiltak i form av partikkelfjerning. Det er ikkje mogleg å setje krav om prosentvis reduksjon, reinsekravet ligg implisitt i løyvet til spesifikke utslepp.

Effekten av utsleppet til miljøet skal følgje overvåkingsprogrammet i løyvet.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjeve i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har plassert verksemda under gebyrsats 5, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Verksemda skal betale 66.600 kroner i gebyr for sakshandsaminga. Miljødirektoratet sender faktura.

Verksemda kan klage på vedtaket om gebyrsats til Miljødirektoratet innan 3 veker etter at dette brevet er motteke, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland. Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må derfor betale det fastsette gebyret. Om Miljødirektoratet imøtekjem klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet frittek ikkje verksemda for erstatningsansvar for forureiningsskade, jf. § 10 og kap. 8 i forureiningslova.

⁸ <https://faktaark.naturbase.no/?id=BM00105356>



Klage

Fylkesmannen si avgjerd kan bli klaga på til Miljødirektoratet av sakens parter eller andre med rettslege klageinteresse innan 3 veker frå underretning om Fylkesmannens vedtak er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Klager som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å bli handsama, jf. forvaltningslova § 31. Ein eventuell klage skal opplyse om kva klagen gjeld og kva de ønsker å endre. Klagen skal grunngjevast. Andre opplysningar av betydning for saken bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på.

Partane har innanfor visse rammer rett til å sjå dokumenta i saka. Ta kontakt med Fylkesmannen for fleire opplysningar om dette. Fylkesmannen kan på førespurnad også gi fleire opplysningar om reglar for saksbehandling og andre reglar av betydning for saka.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til dei saka vedkjem, jf. vedlagt adresseliste.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Einar Nesse Johnsen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Utsleppsløyve - Sande Settefisk AS - Sande - Gloppen kommune

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL

Mottakarliste:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Sande Settefisk AS		6829	HYEN



Løyve etter forureiningslova for landbasert akvakulturproduksjon på lokaliteten Sande – Sande Settefisk AS

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 16.

Dette løyvet erstattar følgjande løyve «SANDE SETTEFISK AS - SF/GP-2 - LØYVE TIL UTSLEPP FRÅ SETJEFISKANLEGG FOR LAKS OG AURE VED SANDE - GLOPPEN KOMMUNE» datert 03.04.2002.

Dersom verksemda ønskjer å gjere endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må verksemda i god tid på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år frå løyvet har tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget av verksemda, slik at Fylkesmannen kan vurdere behovet for eventuelle endringar i løyvet.

Data om verksemda

Akvakulturlokalitet ¹	10170 Sande	
Produksjonskapasitet	Inntil 2250 tonn/ år, landbasert produksjon av laksefisk	
Kommune og fylke	4650 Gloppen i Vestland	
Gards- og bruksnr.	15/4	
Verksemd	Sande Settefisk AS	
Postadresse	Sørstrandvegen 655, 6823 Sandane	
Org. nummer	957 896 650 (føretaksnr.)	972 114 308 (bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.222 - Produksjon av yngel og settefisk i ferskvannsbasert akvakultur	

Fylkesmannen sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2020.0876.T	4650.0038.01	2019/20638 – 542.1
Kartreferansar (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
Anlegg: 61° 46,783' N 06° 07,455' Ø Utsleppspunkt: 61°46,872' N 06° 07,550' Ø	0282011800-C Gløppefjorden	Nordfjord

Løyve gitt fyrste gong: 08.10.2020	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: -
Sissel Storebø seksjonsleiar	Einar Nesse Johnsen Rådgjevar	

Løyvet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift

¹ Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

Innholdsliste

Endringslogg	3
Føresetnader	3
1 Rammevilkår	4
2 Generelle vilkår	4
2.1 Utsleppsavgrensingar	4
2.2 Plikt til å halde grenseverdier	4
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg.....	4
2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt	4
2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald	5
2.6 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare	5
2.7 Internkontroll.....	5
3 Utslepp til vatn	5
3.1 Utsleppsavgrensingar	5
3.1.1 <i>Utslepp frå punktkjelder</i>	5
3.1.2 <i>Diffuse utslepp</i>	6
3.1.3 <i>Utsleppsreducerande tiltak</i>	6
3.2 Utsleppspunkt for prosessavløp	6
3.3 Kjølevatn.....	6
3.4 Sanitæravløp.....	6
3.5 Mudring.....	7
4 Utslepp til luft	7
4.1 Lukt	7
4.1.1 <i>Luktavgrensing</i>	7
4.1.2 <i>Luktrisikovurdering</i>	7
4.1.3 <i>Førebyggjande tiltak og driftsplan</i>	7
4.1.4 <i>Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og registrering av klage</i>	7
5 Grunnforureining og forureina sediment	7
6 Kjemikal	8
7 Støy	9
8 Energi	9
8.1 Energileiing	9
8.2 Utnytting av overskotsenergi.....	9
8.3 Spesifikt energiforbruk.....	9
9 Avfall	10
9.1 Generelle krav	10
9.2 Handtering av avfall.....	10
9.2.1 <i>Generelle krav til handtering</i>	10
9.2.2 <i>Organisk produksjonsavfall</i>	11
9.3 Marin forsøpling og mikroplast.....	11
10 Deponi for eige avfall	11
11 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen	11
11.1 Kartlegging av utslepp	11

11.2	Utsleppskontroll.....	11
11.3	Kvalitetssikring av målingane	12
11.4	Program for utsleppskontroll.....	12
11.5	Rapportering til Fylkesmannen	14
12	Miljøovervaking.....	14
12.1	Overvaking i resipienten	14
12.1.1	Granskingar i vassøyla og på sjøbotn.....	14
12.1.2	<i>Strandsonegransking.....</i>	15
12.1.3	<i>Makroalgegransking.....</i>	15
12.1.4	<i>Hydrografimålingar.....</i>	15
12.2	Rapportering til Fylkesmannen og registrering i Vannmiljø	15
13	Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining.....	15
13.1	Miljørisikoanalyse	15
13.2	Førebyggjande tiltak	16
13.3	Beredskapsanalyse	16
13.5	Beredskapsetablering	16
13.6	Øving av beredskap	16
13.7	Varsling om akutt forureining	16
14	Granskingar og utgreiingar	17
15	Eigarskifte, omdanning m.m.....	17
16	Nedlegging	17
17	Tilsyn.....	17
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter		18

Endringslogg

Endringsnr.	Endringsdato	Punkt	Endringar

Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

1 Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå akvakulturproduksjon av settefisk og postsmolt av laksefisk i landbasert gjennomstrøyming- og resirkuleringsanlegg ved Rygg i Gloppen kommune.

Løyvet gjeld for dei utsleppsmengdene for utslepp til vatn som er gitt i vilkår 3 og føreset at det skal vere utsleppsreducerande tiltak i produksjonen. Utsleppsmengdene i dette løyvet er i samsvar berekningane gitt i søknaden .

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet i punkt 3 til 14 i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 16.

2.2 Plikt til å halde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i punkt 3 og i punkta etter i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengda, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som minimum føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ verknad på miljøet (BAT-prinsippet), jf. punkt. 2.3.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal verksemda gi melding til Fylkesmannen om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom verksemda ønskjer å endre utsleppspunkt som er fastlagt i vilkår i løyvet, må de søkje om løyve til dette. Der utsleppspunkt ikkje er fastlagde i vilkåra til løyvet tidlegare, må verksemda avklare med Fylkesmannen om ønskt endring av utsleppspunkt krev løyve og eventuelt også spreingsberekningar.

2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.6 Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining, skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig, må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere forureiningsmyndigheita om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 13.4.

2.7 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar å alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen for forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følger av punkt 13.1.

3 Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsavgrensningar

3.1.1 Utslepp frå punktkjelder

Samla årlege utslepp av reinsa avløpsvatn til sjø frå akvakulturproduksjonen ved full utnytting av produksjonsramma skal vere under følgjande utsleppsgrenser:

Tabell 3-1: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar eller berekningar, jf. punkt 11.2

Komponent	Utsleppsgrenser			Gjeld frå
	Korttidsgrense* Midlingstid: 1 mnd	Langtidsgrense Midlingstid: 1 år	Spesifikt utslepp** Midlingstid: 1 år	
Total nitrogen (tot-N)	ikkje sett	46,0 tonn/år	36,8 kg/tonn fisk	08.10.2020
Total fosfor (tot-P)	ikkje sett	4,67 tonn/år	3,7 kg/tonn fisk	08.10.2020
Total organisk karbon (TOC)	ikkje sett	77,6 tonn/år	62,1 kg/tonn fisk	08.10.2020

* Utslepp per dag, ** Utslepp per tonn produsert biomasse

Mengd avløpsvatn som vert sleppt til sjø skal målast/bereknast, jf. punkt 11.2.

² [Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter \(internkontrollforskriften\) av 06.12.1996, nr. 1127.](#)

Det er ikkje sett konkrete utsleppsgrenser for utsleppa til vatn av kjemikal og legemiddel m.m. frå produksjonen. Utsleppa vil kunne innehalde låge konsentrasjonar av mellom anna kopar og prioriterte miljøgifter som t.d. kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE frå fôrspill og fekalier. Desse utsleppa er tillatne, men skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkåra i punkt 2.3 og punkt 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom føret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Fylkesmannen kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive.

Strandsona og grunne område³ i nærleiken til utsleppspunktet skal ikkje vere synleg påverka av forureining frå verksemda.

3.1.2 Diffuse utslepp

Diffuse utslepp frå produksjonsanlegg eller uteareal, for eksempel avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

3.1.3 Utsleppsreducerande tiltak

Før utslepp til resipienten skal avløpsvatnet frå produksjonen reinsast. Reinseprosessar og -innretningar skal samla sett gje utsleppsreduksjon som sikrar at utsleppsgrensene i tabell 3-1 over vert haldne.

Oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseining.

3.2 Utsleppspunkt for prosessavløp

Prosessavløpsvatnet skal førast ut i Gløppefjorden på minimum 10 meter djupn i samsvar med søknad. Utsleppet skal skje på ein slik måte at innblandinga i vassmassane vert best mogleg.

Utlegging av utsleppsleidning eller liknande tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsten i kommunen sitt sjøområde eller i farleier, krev løyve frå kommunen eller Kystverket, jf. hamne- og farvasslova⁴.

3.3 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

3.4 Sanitæravløp

Kommunen er myndigheit for regulering av sanitæravløpsvatn frå verksemda.

³ Grunne område: mindre enn 3 meter djupn og som tidvis blir tørrlagt og dermed er synlege.

⁴ Jf. [lov om havner og farvann \(havne- og farvannsloven\) av 21.06.2019 nr 70, § 14.](#)

3.5 Mudring

Dersom det som følgje av verksemda sin aktivitet viser seg nødvendig med mudring, skal det søkjast om eige løyve til dette frå Fylkesmannen.

4 Utslepp til luft

4.1 Lukt

4.1.1 Luktavgrensing

Verksemda skal drivast slik at luktulempar til omgjevnadane vert avgrensa mest mogleg.

Frekvensen av plagsam lukt ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg i nærleiken av verksemda, skal ikkje overstige 1 prosent av timane i ein månad.

4.1.2 Luktrisikovurdering

Det skal gjennomførast ei luktrisikovurdering i samsvar med tilrådingane i vedlegg 3 i Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven*. Ved modifikasjonar av utstyr og endra produksjonsforhold skal luktrisikovurderinga oppdaterast.

4.1.3 Førebyggjande tiltak og driftsplan

Lukt skal vere ein driftsparameter for heile anlegget. Verksemda skal ha oversikt over kjelder til lukt og vurdere behov for tiltak og eventuelt effekt av gjennomførte tiltak. Rettleiing og tips som kan nyttast som styringsparametrar m.m. i ein driftsplan, finst i vedlegg 4 til Miljødirektoratet sin luktveileder⁵. Ved endringar i drifta skal driftsplanen oppdaterast.

4.1.4 Lukthandteringsplan, kommunikasjonsplan og registrering av klage

Verksemda skal ha ein plan for handtering av lukthendingar og ein kommunikasjonsplan som er i samsvar med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet sin rettleiar *TA 3019/2013 Regulering av luktutslipp i tillatelser etter forurensningsloven*.

Verksemda skal informere Fylkesmannen og naboar når det vert planlagt aktivitet som kan føre til mellombels auka luktbelastning. Det same gjeld dersom svikt i utstyr eller liknande kan føre til auka luktplager.

Verksemda skal ha eit system for registrering av innkommande luktklager som skal knyttast til stad og tid. Klagen skal vurderast mot driftsplanen og andre relevante forhold, og eventuelle gjennomførte tiltak skal skildrast. Denne informasjonen skal gjerast tilgjengeleg for naboar, og han skal rapporterast til Fylkesmannen i samsvar med punkt 11.5.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvåkast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulempar som skal hindrast.

Verksemda pliktar å halde løpande oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan medføre fare for at forureining i grunnen spreier seg, må ha godkjend tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2⁵, og eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

6 Kjemikal

Vilkåra i dette punktet gjeld når verksemda nyttar kjemiske stoff og stoffblandingar, både som del av produksjonen og som hjelpestoff. Dette kan til dømes vere desinfeksjonsmiddel, legemiddel, ensileringskjemikal, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannsløkkingsmiddel, osv.

For kjemikal som vert nytta på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal verksemda dokumentere at det er gjennomført ei vurdering av helse- og miljøegenskapane til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.7 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit system som dokumenterer dykkar vurderingar og konklusjonar av om helse- og miljøskadelege kjemikal kan skiftast ut med mindre skadelege kjemikal (substitusjon)⁶. Det skal gjerast jamlege vurderingar av faren for skadelege effektar på helse og miljø som kan skuldast dei kjemikala som vert nytta, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytt til bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der det finst mindre skadelege alternativ, pliktar verksemda å nytte desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Verksemda pliktar å vurdere om den kan nytte førebyggjande alternative metodar som ikkje krev vurdering av veterinær eller fiskehelsebiolog for å redusere utslepp av legemiddel.

Der veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive bruk av eit legemiddel, er det ikkje naudsynt for verksemda å vurdere om det finst andre legemiddel som medfører mindre risiko for miljøforstyring.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, omsetjast eller brukast utan at dei er i tråd med krava i REACH-regelverket⁷ og anna regelverk som gjeld for kjemikal.

⁵ Jf. forureiningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

⁶ Jf. [lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester \(produktkontrollloven\) av 11.06.1976 nr. 79, § 3a](#) om substitusjonsplikt

⁷ Jf. [forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier \(REACH-forskriften\) av 30.05.2008 nr 516](#)

7 Støy

Settefiskanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, berekna som innfallande lydtrykknivå⁸ ved mest støyutsette fasade:

Måndag-fredag	Kveld måndag-fredag	Laurdag	Sun-/hellegdagar	Natt	Natt
55 L_{den}	50 $L_{evening}$	50 L_{den}	50 L_{den}	45 L_{night}	60 L_{AFmax}

L_{den} angir A-vegd gjennomsnittsnivå for døgn (dag-kveld-natt / day-evening-night) med straffetillegg på 5 dB på kveld og 10 dB på natt.

$L_{evening}$ er A-vegd ekvivalentnivå for kveldsperioden kl. 19-23.

L_{night} er A-vegd ekvivalentnivå for 8-timersperioden frå kl. 23- 07.

L_{AFmax} , som er gjennomsnittleg A-veia maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemnda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på verksemnda sitt område og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygge- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemnda, er ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene vil ikkje gjelde for bygningar av typane nemnt over, som vert etablert etter at støygrensene vart vedtekte.

8 Energi

8.1 Energileiing

Verksemnda skal ha eit system for energileiing som gjev kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemnda, jf. vilkår 2.7 og følgje prinsippa og metodane gitt i Norsk Standard for energileiing.

Systemet skal vere etablert innan eitt år etter oppstart.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemnda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye prosessar internt. Verksemnda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemnda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

8.3 Spesifikt energiforbruk

⁸ Lydtrykknivået vert i tabellen uttrykt etter desibel-skalaen (dB) med nemningane "den", "evening" "night" og "AFmax". Nemningane er nærare definert i T-1442/2016 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging.

Spesifikt energiforbruk for produksjonen, uttrykt som kWh/tonn produsert, skal reknast ut og rapporterast årleg, jf. punkt 11.5.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at drifta fører til at det blir danna avfall. For materiale som vert utnytta som biprodukt, skal det finnast skriftleg dokumentasjon som viser at kriteria i forureiningslova § 27⁹, andre ledd er oppfylt.

Verksemnda skal i størst mogleg grad avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet.

Avfall som oppstår i verksemnda skal primært brukast om att, anten i eigen eller andre verksemder sin produksjon. Dersom dette ikkje er mogleg eller medfører urimelege kostnader, skal avfallet fortrinnsvis materialgjenvinnast. Dersom dette heller ikkje er mogleg utan urimelege kostnader, skal avfallet så langt det er mogleg gjenvinnast på annan måte.

Verksemnda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette, fastsett i eller i medhald av forureiningslova¹⁰.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast for å bli rekna som ordinært avfall. Ulike typar av farleg avfall kan ikkje blandast, dersom det kan medføre fare for forureining eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Farleg avfall kan heller ikkje blandast med anna avfall, med mindre det lettar den vidare behandlinga av det farlege avfallet og dette gjev ei miljømessig minst like god løysing.

9.2 Handtering av avfall

9.2.1 Generelle krav til handtering

All handtering av avfall skal gå føre seg slik at det ikkje medfører avrenning til grunn eller overflatevatn. Sjenerande støving skal unngåast. Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn 12 månader.

I tillegg gjeld følgjande:

- a. All handtering av avfall skal vere basert på risikovurdering, jf. punkt 2.7 om internkontroll og punkt 13 om beredskap.
- b. Verksemnda skal ha kart som viser kvar ulike typar avfall er lagra.
- c. Avfallslager skal vere sikra slik at uvedkomande ikkje får tilgjenge. Lagra farleg avfall skal ha forsvarleg tilsyn. Lagra avfall skal vere merkt, slik at det er tydeleg kva som er lagra.
- d. Avfall som ved samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at det vert danna farlege stoff, skal lagrast med nødvendig avstand.
- e. Alt farleg avfall, uavhengig av mengde, skal lagrast innandørs og på tett dekke¹¹, med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan aksepterast dersom verksemnda

⁹ Jf. [lov om vern mot forurensninger og om avfall \(forurensningsloven\) av 13.03.1981 nr. 6, § 27](#) om definisjon av avfall

¹⁰ Sjå mellom anna [forskrift om gjenvinning og behandling av avfall \(avfallsforskriften\) av 01.06.2004 nr. 930](#) og [forskrift om begrensning av forurensning \(forurensningsforskriften\) av 01.06.2004, nr 931](#), kapittel 18 om tanklagring av farlige kjemikal og avfall

¹¹ Tett dekke tyder eit fast, slitesterkt dekke som er ugjennomtrengelig for dei aktuelle materialane/avfallstypene.

kan dokumentere at den valde lagringsmåten gjev minst like låg risiko og like godt vern av miljøet.

For visse typar tanklagring gjeld forureiningsforskrifta kapittel 18.

9.2.2 Organisk produksjonsavfall

Oppsamla organisk produksjonsavfall som ikkje inneheld antibiotika skal så langt mogeleg utnyttast som ein ressurs, og skal handsamast i høve til gjeldande regelverk¹² på dette området. Eventuelt antibiotikahaldig organisk produksjonsavfall skal lagrast i eige lager med tilstrekkeleg kapasitet.

Organisk produksjonsavfall som slam, død fisk, fôrrestar, m.v. skal handterast på ein slik måte at det ikkje oppstår fare for forureining. Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere større mengder produksjonsavfall som følgje av uhell som t.d. driftsstans på utstyr, sjukdom eller anna.

Verksemda skal utarbeide ein plan for tiltak, inkludert alternativ disponering av slam, ved både planlagt og ikkje planlagt driftsstans i slambehandlinga. Planen skal vere klar ved oppstart av drifta, og skal til ei kvar tid haldast oppdatert.

9.3 Marin forsøpling og mikroplast

Verksemda skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikroplast. Dette gjeld også all slitasje på plastbasert produksjonsutstyr.

10 Deponi for eige avfall

Verksemda skal ikkje ha deponi for eige avfall.

11 Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

11.1 Kartlegging av utslepp

Verksemda skal kartleggje alle utslepp på ein systematisk måte. Dette gjeld både punktutslepp og diffuse utslepp, og uavhengig av om det er sett utsleppsgrenser for utsleppa eller ikkje. Kartlegginga skal leggjast til grunn for programmet for utsleppskontroll i punkt 11.4.

11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere sine utslepp, gjennom målingar og/eller berekningar. I dette inngår målingar av volum/mengde, prøvetaking, analysar og berekningar.

Målingar og utrekningar skal vere representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsette i løyvet, jf. tabell 3-1 under punkt 3
- utslepp av komponentar som er regulerte gjennom grenseverdiar fastsett i forskrifter

¹² Jf. [forskrift om animalske biprodukter som ikke er beregnet på konsum \(animaliebiproduktforskriften\) av 14. september 2016 nr.1064](#), og [forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav av 4. juli 2003 nr. 951](#), og anna relevant regelverk.

- utslepp av andre komponentar som kan ha miljømessig betydning og difor er omfatta av rapporteringsplikt¹³

Verksemda skal årleg gjere ei fagleg grunnleggjande vurdering av sine utslepp til vatn og rapportere dette i tråd med punkt 11.5. Utrekningar av årlege utslepp regulert i tabell 3-1 skal vere baserte på forbruk, biologisk produksjon av fisk og produksjon av slam. Det skal gjerast målingar eller berekningar av mengdene av avløpsvatn og produsert slam, og analyser av innhaldet av nitrogen (tot-N), fosfor (tot-P) og organisk stoff (TOC) i slammet, jf. vilkåra under punkt 3.

For utslepp til luft og støy må målingar eller berekningar gjennomførast ved behov eller etter særskilt krav frå Fylkesmannen.

11.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra blant anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i tilfelle dokumentere at særlege omsyn ligg føre og at den valde metoden gjev representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når volum/mengdemåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytaren skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta, dersom slik tenesteytar finst.
- delta i samanliknande laboratorieprøving (SLP) og/eller jamleg verifisere analyser med eit eksternt, akkreditert laboratorium for dei parametrane som er regulert gjennom presise grenseverdier, når verksemda sjølv analyserer.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gjev representative prøver.
- jamleg utføre kontroll av og kalibrere måleutstyr

11.4 Program for utsleppskontroll

Verksemda skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda sin dokumenterte internkontroll.

I programmet skal verksemda gjere greie for dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1), gjennomføringa av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing om verksemda sine faktiske utslepp til luft, vatn, og støy, med ei oversikt over volum og innhald i alle utsleppsstraumar til luft og vatn
- ein omtale av dei ulike trinna i målingane (volumstrømsmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) for kvar straum og komponent
- ein omtale av måleutstyr som blir brukt til målingar, og frekvens for kontroll og kalibrering av måleutstyret
- ei grunnleggjande forvaldning av prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikkar (metodar og frekvens)
- ein omtale av valde metodar/standardar for analyse

¹³ jf. Miljødirektoratet sin rettleiar til eigenrapportering frå verksemdar. Rettleiaren er lagt ut på www.miljodirektoratet.no.

- dersom det er aktuelt, ei grunngiving for valt frekvens for deltaking i SLP og/eller verifisering av analyser med eit akkreditert laboratorium
- ei utgreiing om kva for usikkerheitsbidrag dei ulike trinna gjev

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

11.5 Rapportering til Fylkesmannen

Innan 1. mars kvart år skal verksemda rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før til Fylkesmannen. Miljødata omfattar blant anna produksjonsmengder, fôrforbruk, slammengder, resultat av analyser av innhaldet av fosfor, nitrogen og karbon i slammet og andre resultat frå utsleppskontrollen, oppnådd reinsegrad, avfallsmengder og energiforbruk. Rapporteringa skal så langt som mogleg skje i samsvar med Miljødirektoratets rettleiing til verksemdene si eigenrapportering, sjå www.miljodirektoratet.no.

For utslepp av stoff der utsleppsavgrensingar ikkje er fastsett med presise grenseverdier i punkt 3.1 og 4.1, vil Fylkesmannen ved gjennomgang av eigenkontrollrapportane vurdere behovet for å fastsette meir presise, og eventuelt strengare, grenser.

Verksemda skal saman med den årlege eigenkontrollrapporten sende Fylkesmannen ein rapport om tal på luktklagar og tal på lukthendingar ved verksemda det siste året. Det skal gjerast greie for årsaka til dei enkelte lukthendingane og/eller luktklagene, og eventuelle tiltak som er gjennomført for å avgrense eller stanse utsleppet.

Verksemda skal årleg rapportere eit avfallsrekneskap som syner ei oversikt over alt avfall som er danna ved anlegget, lagra, behandla og/eller sendt vidare.

12 Miljøovervaking

12.1 Overvaking i resipienten

Verksemda skal sørge for overvaking av moglege miljøeffektar i resipienten av sin aktivitet og korleis utslepp frå verksemda i dag og ev. tidlegare utslepp påverkar tilstanden (økologisk og kjemisk) i vassførekomsten. Overvakinga skal tilpassast storleiken på utsleppa.

Overvakinga skal som eit minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor. Den må også ta omsyn til føringar frå vassforskrifta sine føresegner for tiltaksorientert overvaking¹⁴.

Verksemda skal vurdere om desse miljøgranskingane dekkjer miljøpåverknaden eller om det er trong for andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal inngå i denne vurderinga. Verksemda må sjølv setje i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

Eit overvakingsprogram med plan for granskingane som verksemda planlegg å gjere, skal sendast inn til Fylkesmannen for vurdering seinast 3 månader før neste runde av overvakinga skal gjennomførast. Overvakingsprogrammet skal sendast inn for ny vurdering ved eventuelle endringar i programmet.

Overvakinga skal gjennomførast av fagkyndig, uavhengig konsulent i samsvar med overvakingsprogrammet.

¹⁴ <https://www.vannportalen.no/veiledere/>

12.1.1 Granskingar i vassøyla og på sjøbotn

Verksemda skal sørge for at trendbasert overvaking av miljøtilstanden i vassøyla og i sedimenta på sjøbotn blir gjennomførte. Granskingane skal gjennomførast av uavhengige, akkrediterte organ som er akkreditert for følgjande metodar¹⁵: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Overvakinga skal skje på faste overvakingsspunkt og skal som eit minimum inkludere parametrane makro infauna (botnfauna), sedimentkvalitet, sedimentkjemi inklusive sink, vasskjemi (tot-N, tot-P) og klorofyll.

Resipientgranskingane som omtalt over skal gjerast kvart 6. år.

12.1.2 Strandsonegransking

Verksemda skal sørge for at det årleg blir gjennomført ei enkel synfaring av utsett strandsone for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget. All miljøpåverknad som kan tilskrivast verksemda skal dokumenterast med tekst og bilete. Det skal særleg vektleggast om det marine miljøet i strandsona og tilhøyrande grunne områder syner teikn til lokal overgjødsling.

12.1.3 Makroalgegransking

Det er ikkje sett krav om makroalgegransking.

12.1.4 Hydrografimålingar

Det er ikkje sett krav om hydrografimålingar.

12.2 Rapportering til Fylkesmannen og registrering i Vannmiljø

Resultat av miljøovervakinga som vert gjennomført skal sendast fortløpande til Fylkesmannen. Rapportane skal innehalde resultat og ei fagleg vurdering av resultat.

Resultat frå granskingane som blir gjennomførte etter punkt 12, skal også fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø¹⁶. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat, som er å finne på www.vannmiljokoder.miljodirektoratet.no. Her finn ein og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk.

13 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

13.1 Miljørisikoanalyse

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av sin aktivitet. Verksemda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemda eller utanfor. Ved endra produksjonsforhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

¹⁵ Jf. <https://www.akkreditert.no>

¹⁶ Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn: <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flom etc og framtidige klimaendringar.

Verksemda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

13.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreducerande og konsekvensreducerande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

13.3 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide ein beredskapsanalyse for den eventuelle restrisiko som står att etter at førebyggjande tiltak er sett i verk. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikoanalysen skal verksemda utarbeide og grunngi

- a. organisering av beredskapen
- b. nødvendig beredskapsutstyr
- c. nødvendig mannskap
- d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forureining.

31.4 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av verksemdas internkontrolldokumentasjon.

Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

13.5 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

13.6 Øving av beredskap

Det skal utarbeidast ein plan for å øve på beredskapen, og det skal gjennomførast øving minst ein gang per år. Det skal utarbeidast klare mål for øvinga inkludert mål for responstid. Øvinga skal dokumenterast i rapportar, med eventuelle tilrådingar om utbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om utbetringar er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

13.7 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift¹⁷. Verksemda skal også så snart som mogeleg orientere Fylkesmannen gjennom fmvpost@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

14 Granskingar og utgreiingar

Det er ikkje sett krav om andre granskingar eller utgreiingar enn det som kjem fram i vilkåra sine punkt 3-13.

15 Eigarskifte, omdanning m.m.

Dersom verksemda vert overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

16 Nedlegging

Dersom anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar opp for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendige for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert slam, ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift¹⁸. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gi melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

17 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som denne gjev mynde til, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.

¹⁷ Jf. [forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269](#)

¹⁸ [Avfallsforskrifta kapittel 11](#) om farleg avfall

VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter**Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.**

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3-14.

Metall og metallsambindingar:

	Forkortingar
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske sambindingar:

Bromerte flammehemmarar	Vanlege forkortingar
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenylyter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske sambindingar

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksinar og furanar	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjeda klorparafinar C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkanar C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjeda klorparafinar C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkanar C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzenar	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenylylar	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloretan	TRI
Trikosan (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensid

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Nitromusksambindingar

Muskxylen	
-----------	--

Alkylfenolar og alkylfenoletoksyilat

Nonylfenol og nonylfenoletoksyilat	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyilat	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgreina og rettkjeda)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP

Dodecylfenol m. isomerar	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylsambindingar (PFAS)

Perfluoroktansulfonsyre (PFOS), inkl. salt av PFOS og relaterte sambindingar	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS), inkl. salt av PFHxS og relaterte sambindingar	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salt av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte sambindingar
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorerte karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDODA, PFTrDA, PFTeDA

Tinnorganiske sambindingar

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

Polysykliske aromatiske hydrokarbon

PAH

Ftalat

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

Bisfenol A

BPA

Siloksan

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

Benzotriazolbaserte UV-filter

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350